

BOKN BYGDABLAÐ


Nr 7 - September 2001 - Årg. 16



*Sjå siste
side*



Fuktig fartsfest - s. 4



Upopulær gjest - s. 8




Bedehusets dag - s. 18



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Hei!

Tragedie

Når eg skriv dette har det ufattelege og dyp tragiske skjedd at nokon har køyrd fly rett inn i to skyskraparar og Pentagon i USA. Tusenvis av menneske er antakelig drepne og våre tankar og medfølelse går nå til alle pårørande. Heile verdenssamfunnet, også me, fordømmer det som har skjedd, og står bak USA med hjelp til ofrene og for å oppklara kva som har skjedd. Det som me gjer blir smått, men eg skal prøva å skrive litt.

Valet

Først vil eg gratulera med vel overstått val. Valdeltakinga i Bokn var 78,5 %, noko som er over landsgjennomsnittet, og må seiast å vera bra.

Skuleutbygginga

Bokn står foran ei stor utbygging og ombygging av skulen vår, og i valkampen gjekk dei fleste partia ut og lova ei satsing på skulen. Formannskapet har av den grunn endra litt på tidsplanen for utbygginga slik at oppstart blir på nyåret 2002. Dette for ikkje å mista eventuelt tilskot frå staten. Ferdigstilling blir då oktober/november 2002.

Fylkesvegplanen 2002 - 2005

Denne planen er ute på høyring. Formannskapet beklager at rammene ikkje er større og krev at rammene må aukast. Formannskapet er også bekymra for kvaliteten på vegane i Bokn, og krev at vegane må rustast opp slik at akseltrykket kan settast til 10 tonn.

"Rogfast"

Arbeidet med "Rogfast" går også sin gang og Formannskapet har bevilga kr. 10 000,- som Bokn sin andel til konsekvensutredning. Konsekvensutredninga vil sjå på alternative trassear, trafikkavvikling, næringsutvikling, sikkerhet, beredskap, miljø, forureining o.s.v. Den naturlige trassen er frå Bokn til Randaberg, noko som alle unntatt Karmøy går inn for. Bokn blir ein sentral part i det vidare arbeidet med "Rogfast", og ein tek sikte på at Kommune

styret skal endelig behandla reguleringsplan i 2004.

Hestesports-/reiselivsanlegg

Formannskapet har innstilt ovenfor Kommunestyret at ein arbeider vidare med å få etablert eit hestesportanlegg og reiselivsanlegg i kommunen. Arbeidet nå vil bestå i å få ein eller fleire potensielle utbyggarar med vidare. Bokn kommune skal sjølvstendig ikkje stå for utbygging og drift, derfor må nokon vera med. Me har også avtala møte med fylkesordføreren og SND for å få dei med på å finansiera arbeidet vidare, i tillegg til dei 100 000,- kr. som Bokn kommune går inn med.

Trafikksikkerhet

Formannskapet har også bevilga 60 000,- for å få laga ein trafikksikkerhetsplan. Denne planen må me ha for å få midlar til trafikksikkerhets tiltak som sykkel og gangstiar.



Det nye gjerdet langs E-39 over byggefeltet ved Hålandssjøen.

Gardsbruk

Kan og opplysa om at det ikkje blir noko av at kommunen sitt planlagte kjøp av gardsbruket til Henning Bokneberg, då ein familie yskjer å kjøpa. Eg ser på det som ei god løysing og ynskjer dei lykke til i nye omgivelser.

Svein Ove

Slik stemde boknarane i Stortings- og sametingsvalet 2001

Resultat frå endeleg oppteljing

Namnet på vallista	Førehandsrøyster		Valtingsrøyster		Røystetal i alt
	Ikkje retta	Retta	Ikkje retta	Retta	
DET NORSKE ARBEIDERPARTI	12	0	28	2	42
SOSIALISTISK VENSTREPARTI	1	0	28	4	33
RØD VALGALLIANSE	0	0	1	0	1
SETERPARTIET	4	1	52	3	60
KRISTELIG FOLKEPARTI	32	0	82	0	114
VENSTRE	3	0	13	0	16
HØYRE	18	0	48	3	69
FREMSKRITTSPARTIET	11	1	55	2	69
NORGES KOMMUNISTISKE PARTI	0	0	0	0	0
MILJØPARTIET DE GRØNNE	2	0	0	0	2
FEDRELANDSPARTIET	0	0	0	0	0
KRISTENT SAMLINGSPARTI	0	0	2	0	2
KYSTPARTIET	7	1	28	5	41
NORSK FOLKEPARTI	0	0	0	0	0
DET POLITISKE PARTI	0	0	2	0	2
FOLKEAKSJONEN MOT BOMPENGER	0	0	1	0	1
	90	3	340	19	
	Sum	93	Sum	359	Totalt = 452



Valg 2001

Eit godt råd til boknarane!



Valg 2001

Veit du at det er val i haust? Denne gongen gjeld det ikkje bare noko å leva av, men noko å leva for! Tida er nemleg inne til å velga nytt sokneråd i Bokn. Dei som blir valde, skal vera med og staka opp kursen for kyrkjearbeidet i bygda. Difor er det viktig at også du møter opp i Bokn kyrkje, søndag 14.oktober og nyttar røysteretten din. Har du ikkje høve til å møta nett då, kan du førehandsrøysta på Boknatun. Tid og stad blir kunngjort seinare.

Attåt at du må vera medlem i den norske kyrkja, gjeld vanlege vilkår for røysterett.

Lista, godkjent av soknerådet, ser slik ut:

Forslagsstillarar: Birger Lindanger, Eva Moi, Trond Nedrebø, Sigurd Johnny Svendsen, May Jorunn Vartnaland, Liv Vatnaland, Bernhard Våge, Sigvart Våga, Solveig Våga og Marie Vågshaug.

1. Solveig Våga
2. Bjørn Erik Gundersen
3. Egil Ognøy
4. Sigvart Våga
5. May Jorunn Vatnaland
6. Birger Lindanger
7. Eva Moi Eikje
8. Bernhard Våge
9. Lillian Grønnestad

10. Reidar Alvestad
11. Ingrid Jøsang
12. Ruth Iren Dybdal
13. Helge Solberg
14. May Elisabeth Alvestad
15. Gunnar Bokneberg
16. Gudny Sæbø
17. Margunn Are

Ein kan gjere rettingar på røystesetelen ved å

1. stryke namn
2. setje inn nye namn og merke av kor på lista namnet skal stå
3. endre rekkjefølgja på namna
4. kumulere namn på lista ved å
 - skrive namnet ein gong til, eller
 - skrive «kum» ved namnet, eller
 - setje ein kryss (x) ved namnet

NB:

Det er berre dei 11 fyrste plassane på lista etter eventuelle endringar som får røyster ved oppteljing.

Kumulering av namn ein fører opp sjølv på lista vert ikkje godteke.

Helsing
Bokn sokneråd



EIN FUKTIG FARTSFEST

Distanserittet på Ognøy 2001

Birger Lindanger



Laurdag, 25. august var det på ny duka for distanseritt på Ognøy. Det er ved sida av firebruersløpet sjølv den idrettslege storhendinga i Bokn.



Distanserittet 2001 blei ein svært fuktig fartsfest.

Normalt er dette arrangementet mest som eit lite 17. mai, i år var nok forventningane lågare. I motsetnad til



Laila Nemeth med høg puls.



Sporty pensjonist: rittets eldste deltakar, 70 årige Bjarne Håland frå Skjoldastraumen.

tidlegare hadde arrangørane i år alle odds mot seg: kronprinsbryllup, eit ustanselig regn og ein ganske frisk sydvind.

Mot ein slik bakgrunn er det likevel imponerende at arrangementet drog til seg opp mot hundre personar. Av desse var rett nok 23 deltakarar og mest like mange funksjonærar. Men det var ikkje dagen for svalande drikkar, og salet frå matbua har nok vore



Kari Christensen og Erik Eikje med dei flotte premiane, spesiallagå keramikkfat av Karen Vikse i Haugesund.

betre.

Likevel – det blei ei hugnadsstund for dei hardføre som møtte. Sjølv sagt mest frå klokka 12 då startskotet gjekk for sjølv konkurransen. Det stilte 16 ekvipasjer i gruppa 15 km som konkurrerte på idealtid. Dessutan stilte sju til start på 30 km der ein konkurrerte på tid. Dei fleste deltakarane var haugalendingar, men det var òg innslag av folk og hestar frå sørsida av fjorden.

Denne sportslege delen av arrangement var heilt ut vellykka om me ser bort frå eit par fall og at dei to i tet på 30 km blei hindra av bilberging. Slike vidervedigheter gjorde elles at dei to – Jan Gutubakken/EI Assuan frå Tau og Monica Lindanger/Fii frå Bokn – valde å ri hand i hand over målstreken. På denne distansen blei det altså delt fyrsteplass.

På 15 km blei idealtida sett til 1 time og 15 minutt. Det er då imponerende at vinnaren – Eli Ann Rossaland/Darvin frå Førland Rideklubb bare var 32 sekundar frå denne tida! Ho var i særklasse saman med nr.2 og klubbkameraten Hanne Førland på Frøya som var bare



Jan Gutubakken og Monica Lindanger delte fyrsteplassen.

fire sekunder etter henne! Sidan var det eit hopp på to minuttar til tredje plass: Silje Vikse på Mildonna.

Resultatlistar:

30 km

	Ryttar	Hest	Klubb
1.	Jan Gutubakken	Assuan	Viba
1.	Monica Lindanger	Fii	BORK
3.	Tine May Fatland	Silver Dallas	HRK
4.	Emilie Moi Eikje	Favorita	BORK
5.	Synnøve Odland	Whirlwind	BORK
6.	Svein Ove Hundsnes	Tiller	BORK
7.	Øivind Skogøy	Lyder	BORK

15 km


	Ryttar	Hest	Klubb
1.	Eli Ann Rossaland	Darvin	Førland
1.	Hanne Førland	Frøya	Førland
3.	Silje Vikse	Mildonna	
4.	Marita Seglem	Iraz Deb	
5.	Ellen A. Gutubakken	Darvin	Viba
6.	Katrine Askeland	Ila	
7.	Hilde Kalleklev	Rassane	
8.	Kjetil Østebøvik	Bjulin	BORK
9.	Mette Hagen	Frida	BORK
10.	Ragnhild Eide Jensen	Raila	
11.	Julie Johansen	Premiere Gaja	
12.	Veronika Heggeland	Vilja	
13.	Siri Torbingse	Isabella	

Tri ekipasjar blei strøkne.

Boknahest vann svensk galloppløp

Det må elles nemnast at same helga vann ein BORK-hest, arabaren Modnica, eit galloppløp i Skåne i Sverige og i skarp konkurranse med nokre av dei skarpaste arabarane i Norden.

Eigar av Modnica er elles Terje Torgersen, og hesten er stasjonert og blir trent på Ognøy.



Har du el-vett?

Feil bruk av elektriske apparater er årsak til 20% av boligbrannene. 40 mennesker har mistet livet i løpet av de siste 5 årene i branner som skyldes uforsiktig omgang med elektriske apparater.

Her er noen tips som kan forebygge brann:

- Slå av kokeplaten dersom du blir avbrutt i matlagingen. Det finnes utkoplingsutstyr som bryter strømmen etter en viss tid. Husk å rengjøre ventilatoren for fett. Eldre og funksjonshemmede kan henvende seg til hjelpemiddelsentralen i kommunen.
- Tv- apparatet bør alltid slå av med av/på – knappen.
- Vær forsiktig med bruk av frittstående stråleovn og vifteovn. Ingen elektriske varmeovner må tildekkes av klær eller lignende.
- Rengjør lofilteret i tørketrommelen.
- Bruk aldri sterkere lyspære enn lampen er godkjent for. Unngå bruk av løse lamper på barnerom.
- Trekk ut pluggen til kaffetraktere, brødrister mv. når slike apparater ikke er i bruk.
- Unngå overdreven bruk av skjøteledninger og dobbelkontakter. Prøv deg ikke som hobbyelektriker!

Feiing



Huseiere som ønsker feiing kan henvende seg til Edvin Øvrebø på telefon 52 74 85 90

Brannsjefen

Barnevernet informerer

Reidar Alvstad

I 1997 og 1998 hadde sosialseksjonen 3 artiklar i Bygdabladet om sosiale tenester. Føremålet var m.a. at folk flest skulle få meir informasjon om kva tenester sosialtenesta kan tilby.

Sosialseksjonen vil nå gå vidare med å informera om barneverntenesta.

Ein finn av og til nokså negative og dramatiske framstillingar av barnevernet i media. Ein kan lesa om barneverntenesta som om det oftast er ein fiende som motarbeider gode familiar. Men det hender også at tenesta blir framstilt som ein hjelpar for barn som blir mishandla og vanskjøtta.

For å gi eit bilete av kva tenester barneverntenesta kan tilby, og korleis det blir arbeidd, ynskjer me å gå ut med nyansert og informativ opplysning om tenesta.

Her kjem første del:

Kor er me, og kven er me?

Barneverntenesta i Bokn har kontor i Boknatun, 1. etasje. Kontoret ligg i den delen av bygget kor Postkontoret var tidlegare. Til vanleg er det kontortid kvar tirsdag, elles etter avtale. Barnevernleiar kan også treffast på mobiltelefon i og utanom kontortid. Sjå fast annonse i Bygdabladet.

Barnevernpedagog Eva Moi er leiar for barneverntenesta i Bokn, som i den kommunale organisasjonen høyrer inn under seksjon sosial.

Vanlegvis er det ein fordel å avtala møtetidspunkt på førehand dersom ein ynskjer samtale.

Barnevernleiar sin stillingsandel er 50% stilling, men for tida har ho permisjon i 10% stilling, og arbeider i 40% stilling.

BAS

Kommunane Bokn, Etne, Sveio, Tysvær, Vindafjord og Ølen har frå år 2000 etablert Haugaland interkommunale barnevernssamarbeid, (BAS). Målsetjinga for dette samarbeidet er m.a. å utvikla ei betre barnevernteneste i kommunane. Det interkommunale samarbeidskontoret har kontorstad i Aksdal i Tysvær kommune, og ei av hovudoppgåvene er å yta bistand i

enkeltsaker til kommunane. Andre oppgåver er å bidra til kompetanseheving for barnevernsmedarbeidarane og gi rettleiing til dei som arbeider i barnevernet, enkeltvis og i grupper.

Med dette samarbeidet har ein som mål at det skal bli eit godt og stabilt barnevern i kommunane, at det skal bli lettare å behalda og rekruttera fagfolk, at kompetansen skal aukast, og at samarbeidet innan kommunalt arbeid for barn og unge skal

vidareutviklast.

Arbeidet i barnevernet

Barneverntenesta i Bokn skal ivareta dei oppgåvene som er omtala i Lov om barneverntenester. Føremålet med barneverntenesta er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helsa eller utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barneverntenesta skal også bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår i kommunen. Når barneverntenesta set i gong tiltak for barn, skal det leggjast avgjerande vekt på å finna tiltak som er til beste for det enkelte barn.

Oppgåvene i barnevernet

Barneverntenesta skal ivareta dei oppgåvene som er kommunen sitt ansvar etter Lov om barneverntenester. Tenesta skal hjelpa barn og unge i aldersgruppa 0 – 18 år som har det vanskeleg. Når tenesta får meldingar om barn og unge som er i vanskelege livssituasjonar, pliktar barneverntenesta å undersøkje tilhøva nærare. Barneverntenesta kan gi råd og rettleiing til barn, foreldre og andre som ynskjer dette, og dei kan setja inn førebyggjande tiltak i heimen dersom barnet har særleg behov for det. Eksempel på slike hjelpetiltak er:

- ♦ Støttekontakt
- ♦ Besøks/avlastingsheim
- ♦ heimekonsulent
- ♦ Tilsynsførar
- ♦ Barnehage
- ♦ Økonomisk støtte til klær, utstyr, fritidsaktivitetar o.l.

Barneverntenesta skal samarbeida med andre instansar som skule, barnehage, helsesøster og andre, slik at både barn og familie kan få best muleg hjelp. Barneverntenesta kan også plassera barn utanfor heimen for kortare eller lengre tid når tilhøva i heimen er slik at helsa eller utviklinga til barnet elles kan bli alvorleg skada. Plasseringa kan skje både gjennom frivillige tiltak i samarbeid med foreldre og barn, men også ved tiltak av meir tvangsmessig karakter. Dei mulege plasseringsstadene er:

- ♦ Barneheim/ungdomsheim
- ♦ Fosterheim
- ♦ Andre institusjonar/kollektiv/skular o.l.

Tverrfagleg gruppe


Barneverntenesta i Bokn er med i ei tverrfagleg gruppe for barn og unge i Bokn kor det er med representantar for skule, barnehage og helse.

Målsetjinga for dette arbeidet er å sikra barn og unge med problem som gjeld trivsel, helse eller utvikling, naudsynt hjelp og omsorg.

Ei anna hovudmålsetjing er å sikra heilskapleg og målretta innsats for barn som treng det, gjennom samarbeid på tvers av faggrensene.

Ei siste målsetjing er å sikra barn og unge eit godt oppvekstmiljø.

Framhald i neste nr.





Petra fritidsklubb informerer



Ann Kristin Grønnestad

Vi er glade for å kunne presentere vårt nye styre i Petra! Etter et valg (fremført på en meget demokratisk måte), kunne vi konstatere at vi hadde fått inn to nye fjes, og en veteran. Det nye styret består av:

Camilla Holm Birkeland
Lars Øyvind Alvestad
Jørgen Thuestad
Tom Inge Aksdal
Eirik Veia

Hvilke funksjoner de forskjellige skal ha, er vi ikke helt på det rene med ennå.

Andreetasjen i Kyrkjebygd Kultur og aktivitets-
hus er nå pusset opp. De er ferdige med maling-
en, gulvene er lakkert og elektrikeren har bare litt
finarbeid igjen. Det vil si at arbeidet med å flytte
ned alt vi har i 3. etasje egentlig kan begynne.
Det meste skal vel gå greit, men biljardbordet er jo
en kjempekoloss som kan by på en del problemer.
Med hjelp fra kommunens to vakt-
mestere, så får vi håpe at det ordner
seg. Kanskje bør vi utvikle en del
muskler for å få det til??!



Det har vært en del unge, håpefulle som har
hunget over barnehagegjerdet (hvor jeg også job-
ber), for å spørre om aldersgrensene på Petra.
Jeg kan godt forstå at de er litt forvirrende, og i til-
legg så gikk flere fra 6. klasse i fjor, selv om de
egentlig ikke hadde anledning til det. Aldersgren-
sene skifter en gang i året. Det er ved nyttår. Da
kan 7. klassen gå både onsdag og fredag,
men fredagen bare til 22.00. Ved hvert nye
skoleår, kan 8. klassen gå på lik linje med 9.
og 10. klassen. Så for dette halvåret frem til
nyttår, så er aldersgrensen på Petra: 8.
klasse!



Jeg er lei for de jeg skuffer, men disse alders-
grensene har jo alle måttet forholde seg til. For å
bøte litt på skuffelsen, har jeg lovet flere av elevene
i 6. klasse, at jeg skal ta opp med styret om de
kan få gå enkelte onsdager. Dette skal vi ta opp

på et styremøte ganske snart, og jeg lover å gi til-
bakemelding til dere på hvordan det går.

Vi har dessverre hatt et par uheldige episoder
til tross for at vi har hatt bare en tre-fire Petra-
kvelder enda. Det ene var at en datamaskin forvil-
let seg opp på Petra, uten at den hadde noe over-
hodet der å gjøre. Her ble det funnet frem bilder
som ikke hører hjemme på en fritidsklubb i det
hele tatt, og dere kan stole på meg når jeg sier at
dette er første og siste gang! Personen som had-
de datamaskinen med seg, skal ha en
samtale med meg i nær fremtid. Dere som
kjenner meg, vet at jeg ikke alltid er like
blid og smilende. Jeg kan bli nokså streng
og hissig, hvis jeg mener at noen har mis-
brukt min tillit.



Tilbake til Kyrkjebygd; det er ikke lett å ta ut
farger til lokaler som skal benyttes til så mye for-
skjellig, men jeg håper at de fleste føler at de kan
leve med de fargene som jeg har tatt ut. Det gjen-
står en del praktiske ting før vi er i full gang med å
bruke etasjen, men vi ser lys i enden av tunnelen
nå, og gleder oss!



Det nye styret, fv. Jørgen Thuestad, Tom Inge Aksdal,
Camilla H. birkeland, Lars Øyvind Alvestad og Eirik Veia.



Hodelusplage i Bokn

Som mange kjenner til, har nokon av oss i den seinare tid vore plaga med hodelus. For å stansa dette "angrepet" og uroa som breidde seg kring hodelusproblematikken i kommunen, har helseeksjonen gjennomført ei undersøking av alle born/skuleborn og tilsette i barnehage og skule.

Det var den nye helsesøstera, Rita Førland, og vår alles søster Else som gjennomførte undersøkinga i løpet av tre dagar. Dei møtte mykje velvilje og positiv innstilling frå både born og foreldre, og det er tydelig at haldningane til det å ha hodelus har endra seg i dei seinare åra. Før hadde folk ei oppfatning av at det var dårleg hygiene som var årsaka til at personar fekk hodelus - noko som ikkje stemmer. Tvert i mot har eggene lettare for å feste seg til nyvaska hår. Det er auka reiseverksemd og kontakt menneske i mellom som gjer at hodelus sprer seg, - og det kan vi da ikkje slutte med. Det som er viktig, er at problemet blir tatt på alvor når det oppstår, og at behandlinga blir gjennomført skikkelig. Vi har alle eit ansvar for å sørge for å eliminere eit slikt problem før det får for stort omfang.


Ingen funn av levande lus

Undersøkinga som er gjennomført syner at foreldra i Bokn fortener ros for måten dei har takla hodelusplagen på denne gongen. Det vart ikkje funne levande lus på nokon, men hos åtte personar vart det funne egg. Gjennom mikroskop kunne ein fastslå at dette var kun tomme skal av egg, altså var kur effektivt gjennom-


ført, men dei tomme skala satt delvis igjen på hårstråa hos nokon. Det kan dei gjera i lang tid. Det syner at foreldra har tatt problemet på alvor, og gjort ein god innsats for å få bukt med problemet. Større åpenhet omkring det heile har og vore positivt for å hindre spreing.

Eg tar likevel med litt orientering om temaet, slik at vi kan vere litt meir forberedt om det skulle skje ein annan gong.

I tillegg kan nemnast at vi i helsevesenet i kommunen ved slike, eller andre smittsame sjukdommar, treng å få beskjed. Vi har etter Smittevernlova ein plikt til å bekjempe slike sjukdommar.



Else Nilssen og Rita Førland med kvar sin lusekam gjekk til oppgåva med pågangsmot og godt humør.



BOKN KOMMUNE 5561 BOKN SEKSJON HELSE

HJELPEPLEIAR/OMSORGSARBEIDAR,
75 % stilling, vikariat
i tidsrommet 01.11.01 – 30.04.02.

HJELPEPLEIAR/OMSORGSARBEIDAR,
75 % stilling, vikariat i
Tidsrommet 20.01.02 – 26.01.03.

Pleie og omsorgstenestene er organisert slik at Bokn sjukestove er base for tenestene som vert ytt både i institusjon og i heimane. Stillingane inneber varierte arbeidsoppgåver innan ein modell med samordna tenester for heimebasert omsorg og institusjon.

Arbeidet er i tredelt turnus, med vakt kvar 3. helg. Den tilsette må kunna disponere bil i arbeidet.

Stillingane som hjelpepleiar/omsorgsarbeidar er løna etter Hovedtariffavtalen etter type utdanning og ansennitet. Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Opplysningar om stillingane kan ein få ved å venda seg til seksjonssjef helse, Gunn Grønnestad, tlf. 52752534 eller leiar for pleie og omsorg, Anny Kallekodt, tlf. 52752516.

Søknad med CV og relevant informasjon sender ein til Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet for Helse, 5561 Bokn innan 30.09.01

Rådmannen

Generelle opplysningar om hodelus



Hodelus er vengelause insekt som er 1-3 mm lange. Dei finst normalt berre i hårbotten hos mennesket, og kan ikkje leve på husdyra våre, t.d. hund eller katt. Dei kan være vanskelege å sjå fordi dei beveger seg svært raskt, og gøymer seg for lys.

Hodelus formerer seg med egg (7-8 i døgnet), som vert limt fast i håret (derfor sit dei tomme skala godt fast). Lusegga er knapt 1 mm lange, gråbrune eller brunsvarte.

Korleis smittar lus?

- Direkte kontakt, hovud mot hovud. Ei lus kan verken hoppa eller fly, den kravlar frå hovud til hovud. Derfor skal du koma ganske nær ein person for å kunne bli smitta.

- Via kam, børste, hodeplagg og sengetøy. Lusene dør likevel i løpet av 1 - 2 døgn av sult og kulde om dei ikke oppheld seg i hodebunnen til ein av oss.

Symptom på hodelus:

- Lusa bit og sug blod i hårbotten. Dette gir kløe og irritasjon.
- Kløen kan kome seint, kanskje 3-4 månader etter at ein har fått hodelus

Korleis vert lus oppdaga?

- Lusa rører seg raskt og skyr lys.
- Sjå etter luseegg, spesielt i nakken og bak øyrene. Bruk gjerne forstørrelsesglas.
- Kamming av vått hår, bruk ein finkam over kvitt handkle, godt lys og forstørrelsesglas. Sjå etter lus og egg både på handkle og kam.

Korleis blir ein kvitt hodelus?

Ein får kjøpt lusemiddel på apotek utan resept. Les og følg bruksanvisninga nøye. For gravide og barn under 2 år: Forhøyr deg med lege/apotek.

I etterkant av kuren bør håret kammast regelmessig med finkam når det er vått, først 1 time etter behandlinga, seinare ein gong om dagen i ei veke.

Kam, handkle, hodeplagg, sengtøy, osb. skal behandlast med varmt vatn over 60 grader i minimum 30 min., eller frysast ved minimum -18 grader i minst 4 timar (dyner, hjelmar, osb.)

Kulturprisen 2001



Olaug Hognaland fekk prisen i 1997.

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2001.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999

Stikkord for desse personane har vore bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljar-evne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt og ildsjeler.

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år. **Skriv eit brev til kulturkontoret og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.**

Frist: 1. oktober


Solstrålen

ditt smil fikk sommerfugler
til å oppstå fra vinterens kulde
for så å flagre livsglade
omkring i min mage

for meg var du solen

din stemme forførende og sensuell
fikk isbreen rundt mitt hjerte
til å smelte og søke
tilflukt i nærmeste bekk

for meg var du solen



ditt blikk fikk mine livløse enger
til å slå ut i blomsterflor
og blant mine vårgrønne grener
sang fugler mens de bygde reder

for meg var du solen

solen er sunket i havet
med sin magiske kraft
jeg sitter med tomhet i hjertet
og tenker på tiden som var

for meg var du solen

månen kommer fram fra sitt sjul bak en sky
den er stor skinner klart og er fin
men kraften den har den ikke selv
men har den fra solen min

Kjetil Hamre

Stille før stormen

Nattens stillhet
overdøves av havets brus
Jeg

Stormens etterdønninger
slår sakte mot land
Jeg vandrer

Bølgene knuses mot
stener og sand
Jeg vandrer ensom

Elementers krigsmark
det går sakte mot fred
Jeg vandrer ensom i

Luften er rensset
skyene blåst bort
Jeg vandrer ensom i natten

Stjernene funkler
hvite røde blå
Tankene mine svever blant dem

Kjetil Hamre

Frå møtene 29 mai og 29. august 2001:

- Johnny Are har fått byggetillatelse for sauehus. Bygningen skal oppføres i tilknytning til gårdstunet.
- Gustav Solberg hadde søkt om fradeling av 3 boligtomter på Aksdal. Søknaden ble avslått fordi det måtte avstås dyrket jord. Søker ble anbefalt å vurdere alternativ løsning på udyrket mark.
- Dagfinn Hognaland har fått utslippstillatelse fra gårdsbruket på Hognaland.
- Hovedanlegg for kloakkering av Jøsenvågen ble godkjent. Vilåret er at det blir dannet andelslag som skal være ansvarlig for driften.
- Finn Alvestad hadde påklaget tidligere vedtak i forvaltningsstyret om å nekte forlengelse av bestående brygge/molo. Klagen ble ikke tatt til følge.
- Svein Vatnaland fikk byggetillatelse for båthus i tilknytning til fritidseiendom i Straumen.
- Forvaltningstyret godkjente oppføring av 6 felles båthus i tilknytning til hyttefeltet i Straumen.
- Arne Øvrebø fikk utslippstillatelse fra eksisterende og planlagt bebyggelse på Øvrabøneset.

Trafikkopplæring for eldre

Vegvesenet har eit tilbod om trafikkopplæring for folk frå 60-års alderen og oppover.

Dersom du føler at du treng ei oppfrisking innafor dette området, kan eldre-rådet i Bokn i samarbeid med vegvesenet arrangera eit kurs som går over 4 dagar, dvs 1 dag pr veke i 4 veker.

Då vil du få oppfrisking i teori, pluss eit par timars øvingskjøring.

Kurset kostar 700 kr. pr. person, men det må vera fleire interesserte for at kurset skal koma i gong.

For å sjå om interessa er stor nok, ber eldrerådet om at interesserte ringer til Bokn sosialkontor og melder si interesse. Telefonnr. er 52 75 25 04

BILIST 2000

Trafikkulykker er et stort samfunnsmessig problem. Hver år mister ca. 300 mennesker livet i trafikken i Norge og over 40.000 blir skadet.

Forskere har beregnet at trafikkulykker koster samfunnet 28 milliarder kroner hvert år.

Siden riksveien ble åpnet har vi hatt to dødsulykker innenfor kommunegrensen, mindre personskader og materielle skader.

Alle vet vi at adferden vår påvirker risikoen i trafikken. Antall drepte kunne vært halvert i Norge dersom alle brukte bilbelte og overholdt fartsgrensene.

Hvorfor bryr vi oss ikke?

"Billist 2000" er Norgeshistoriens største og mest omfattende trafiksikkerhetskampanje der fokus er lagt på belønning.

Som medlem forplikter du deg til å kjøre med "vett", bruke bilbelte og respektere fartsgrensene. Belønningen er at du får sjanse til å vinne i et stort gratislotteri, og en rekke medlemstilbud på varer og tjenester.


Pr. 27 august hadde Bokn 16 medlemmer som er en 318 plass av landets 435 kommuner.

Alle billister bør nå engasjere seg slik at vi sammen kan bidra til at ingen blir drept eller skadet i trafikken. Kanskje kunne Bokn klart å bli beste kommune i landet-----?

Som arbeidsgiver har Bokn kommune v/ordføreren engasjert seg ved å oppfordre alle ansatte til å tegne seg som medlemmer.

Du kan melde deg inn via internett på adressen www.bilist2000.no eller henvende deg til Servicetorget som kan sende deg en innmeldingsbrosjyre.

Hans Faye



KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar er understreka -

SEPTEMBER

- 21.: Irsk aften på Sjøhuset – arr. BIL. Forhåndssal av billetter på Alvestadkroken Landhandel. Ikkje bestilling, kun kontant.
- 22.-
- 23.: Seminar for vaksenkorpsset på Bokn skule – arr. Bokn Musikkorps
- 22.: **Førstehjelpskurs, arr. Bokn Røde Korps**
- 23.: **Førstehjelpskurs, arr. Bokn Røde Korps**
- 23.: Gudsteneste kl. 15.00 – Hausttakkefest
- 26.: **Førstehjelpskurs, arr. Bokn Røde Korps**
- 27.: Bokn pensjonistforening
- 28.-
- 29.: Ulv/meise-tur til Rønningen
arr. 1. KFUM/Bokn 1.KFUK
- 28.-
- 30.: Seminar for juniorkorpsset i Kopervik - arr. Bokn Musikkorps
- 29.: Klubbkveld for ungdom
- 30.: **Turridning, arr - BORK**
- 30.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 30.: Blå Kors/ABR-senteret-møte kl. 19.30 - Bokn Bedehus

OKTOBER

- 01.: **Førstehjelpskurs, arr. Bokn Røde Korps**
- 03.: Den Indre Sjømannsmisjonen har basar kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 03.: Formannskapsmøte
- 04.: **Førstehjelpskurs, arr. Bokn Røde Korps**
- 07.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 07.: **Ridekurs på Ognøy - arr. BORK**
- 07.: Konsert på Bokn skule kl. 15.00 – arr. Bokn Musik korps
- 07.: Wenche og Tor Ove Haga viser lysbileter frå tida i misjonen kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 10.: Israelmisjonen har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 11.: Bingo på skulen - arr. BIL
- 12.: Kontaktmøte på bedehuset kl. 19.30
- 14.: Gudsteneste kl. 11.00 – Soknerådssal
- 17.: Kommunestyremøte
- 17.: Bokn Hagelag, årsmøte, allrommet kl 19.30
- 19.: Bedehusbasaren kl 19.30 på Bokn Bedehus
- 19.-
- 20.: **Seminar på skulen, Hgsd. Kulturskoleorkester**
- 20.: Klubbkveld for ungdom
- 21.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 23.: Visitasfest kl. 19.00 på Bokn Bedehus
- 25.: Bokn pensjonistforening
- 27.: Auksjon på Bokn skule – arr. Bokn Musikkorps
- 27.: Dans – arr. BIL
- 28.: **Turridning, arr - BORK**
- 28.: Bispevisitas i Aksdal Kyrkje
- 30.: Opptak av nye meiser og ulveunger.
arr. 1.Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
- 31.: Formannskapsmøte

NOVEMBER

- 02.-
- 04.: Speidartroppstur til Vigdarheim
- 04.: Gudsteneste kl. 11.00
- 05.: **Årsmøte i BORK**
- 06.: Opptak av nye speidarar
arr. 1Bokn KFUM7Bokn 1. KFUK
- 08.: Bingo – arr. BIL
- 09.: Kulturkveld frå Per Sivle sitt liv, kl. 19.00
- Bokn Bedehus

10.-

- 11.: **Seminar, Juniorkorpsset - arr. Bokn Musikkorps**
- 11.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 11.: NMS har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 18.: Gudsteneste kl. 15.00 – Fireårsbok
- 21.: Formannskapsmøte
- 22.: **Årsmøte, Norsk helse- og sosialforbund, avd. Bokn/ Tysvær - Allrommet kl. 19.00**
- 23.: Sjømannsmisjonskveld kl. 19.00 - Bokn Bedehus
- 24.: Klubbkveld for ungdom
- 25.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 25.: **Turridning, arr - BORK**
- 28.: Adventverksted, allrommet kl. 19.30.
Arr. Bokn Hagelag
- 28.: Formannskapsmøte
- 29.: Bokn pensjonistforening
- 30.: Blå Kors/ABR-senteret har møte kl.19.30 på Bokn Bedehus

DESEMBER

- 02.: Julemesse på Årskroen
- 02.: Julegranstenning/fakkeltog, start i gymsalen kl. 16.30 Arr. Røde Kors, Musikkorpsset og Speidarane
- 02.: Lysmesse i Bokn Kyrkje kl. 19.00
arr. 1.Bokn KFUM/Bokn 1.KFUK
- 03.: **Jul i Stallen, arr - BORK**
- 04.: Juleavslutning for speidarane og Ulv/Meis
arr. 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
- 05.: Normisjonen har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 09.: Luciafest på Bokn skule – arr. Bokn Musikkorps
- 11.: Juleverkstad, allrommet kl.19.30.
Arr. Bokn Hagelag
- 12.: Kommunestyremøte
- 13.: Madagaskarkveld – Karen Hetland syner film og fortel
kl. 19.00 på Bokn Bedehus
- 16.: Gudsteneste kl. 11.00
- 16.: Juletefest – Sundagsskulen kl 15.00 – Bokn Bedehus
- 24.: Gudsteneste kl. 14.00
- 26.: Gudsteneste kl. 11.00
- 27.: Juletefest – Bedehuset
- 29.: Juletefest – Frelsesarmeen
- 31.: Gudsteneste kl. 16.00

Er du interessert i
bredbånd?



Hastigheter opp til 2 Mbit

Kan snart tilbys på Bokn. Det
avhenger av deg!




Ta kontakt med Øyvind
eller Viggo på tlf.
52 70 56 70 eller
98 60 62 70

Ingen er for gamle for å lære bruk av internett

Seniorar ut i cyberspace

Reidar alvestad

Den 16. oktober skal me arrangera Senior-Surf dag på Bokn skule. Seniorar frå rundt 50 år og oppover blir inviterte til å prøva seg på internett. Her vil det bli hjelp og rettleiing å få. Denne dagen blir det ope i Media-



Deltakarar frå SeniorSurf-dagen i fjor sit ved datamaskinane og får orientering om korleis datamaskin og internett fungerer.

teket på skulen frå kl. 17.00 – kl. 20.00. Som nemnt vil det bli orientering om korleis dette med datamaskinar fungerer, og praktisk rettleiing.

Du vil også få prøva deg på datamaskin. Kaffi og litt å bita i blir det også.

Deltakarane vil få utdelt ei SeniorSurf-avis med enkel rettleiing i å bruka internett.

Å bruka internett er morosamt, nyttig og etter kvart nødvendig. Men det er ein terskel å koma over for å kunna begynna. SeniorSurf-dagen skal vera eit hjelpemiddel for å koma over denne terskelen.

SeniorSurf-dagen vil bli arrangert på ca. 400 stader over heile landet samtidig. Initiativtakar til SeniorSurf-dagen 2001 er den ideelle organisasjonen Seniornett Norge, som har som føremål å arbeida for å fremma dei eldre si deltaking i informasjonssamfunnet. Førbuinga til dagen har pågått sidan april. Mykje av arbeidet vert utført av medlemmer på frivillig basis. I tillegg har aktørar både frå næringslivet og det offentlege støtta opp om prosjektet økonomisk, teknologisk og moralsk. Denne støtten har vore viktig for å gjennomføra eit så omfattande arrangement.

I Bokn er det Bokn eldråd som står for arrangementet.

Gåve til kommunen

Engelskmannen Keith B.G. Foster takkar boknarane

Reidar Alvestad

Keith B.G. Foster kom til Bokn som 62-åring i 1994. Opprinneleg er han frå England, men hadde budd på Karmøy ein del år. For 2 år sidan hadde me i Bygda-bladet ein artikkel kor me presenterte han og dei planane han hadde med å seila til Portugal i ein mindre selbåt, for å opphalda seg i varmare strok. Det enda opp med at han selde seilbåten, og kjørte til Portugal. Der har han sidan opphalde seg, med korte

turar til Norge. Nå har han fått seg bubil. I Bokn er det Bokn eldråd som står for arrangementet.

Før han reiste frå Bokn for 2 år sidan, ga han eit forsølvfat til kommunen. Han ville at gåva skulle vera eit symbol til innbyggjarane om at han sette pris på at mange hadde vore vennlege og gitt han ei handsrekning av og til.



Fatet er ovalt og 30 x 45 cm. Det har blomstermotiv i sjøve fatet, og m.a. fuglar langs kanten. Det er truleg laga i England, og er i så fall av god kvalitet.



Keith Foster utafor campingvogna si i august 1999 på Bokn. Nokre månader etterpå selde han seilbåten sin og drog avgarde til Portugal og varmare strender.

Hva er LIONS?

Lions Club International er en humanitær serviceorganisasjon som ble stiftet i USA i 1917. I dag er det over 1,4mill. medlemmer i 185 land. I Norge har Lions 14000 medlemmer og det er lionsklubber i nesten alle kommuner. Bokn har ikke egen klubb, men Tysvær Lions har medlemmer i Bokn.

Lions har som hovedoppgave å drive humanitært hjelpearbeid. Medlemmene engasjerer seg i å hjelpe mennesker i lokalsamfunnet, nasjonale prosjekter og i internasjonalt bistandsarbeid. Hoveddelen av Lions engasjement skjer likevel i lokalmiljøet. Lions støtter på forskjellige måter til syke, eldre og funksjonshemmede.

"Den røde fjæren" er Lions velkjente symbol for landsomfattende innsamlingsaksjoner. Den siste aksjonen i 1999 var rettet mot geriatri og eldres livssituasjon. I 1995 gikk pengene til arbeidet med leddgikt og leddgiktliggende sykdommer.

Nei til narkotika har vært en viktig sak på Lions sitt program i over 10 år. Organisasjonen engasjerer seg i holdningsskapende og annet forebyggende arbeid.

Det er tulipanaksjonen den første lørdag i mai som skaffer midler til arbeidet mot narkotika.

Lions Quest-Det er mitt valg – er et holdningsskapende undervisningsprogram for grunnskolen. Undervisningsopplegget er tatt i bruk av skoler over hele landet og over 14000 lærere har deltatt på kurs for å kunne bruke programmet i undervisningen.

Lionsklubbene er med å dekker kursutgifter for skolene i lokalmiljøet.

Lærere fra Tysvær og Bokn har deltatt.

Norske Lions har deltatt i store bistandsprosjekter i mange land. Satsingen er nå størst i Uganda hvor siktemålet er å bygge opp lokal kompetanse og gi hjelp til selvhjelp. Lions Norge har vært med å bygge opp 3 øyeklinikker i Uganda og er det største prosjektet organisasjonen har gjort innenfor bistandssektoren.

Lions har som prinsipp at den støtten som gis går ubeskåret til hjelpearbeid. Utgiftene til administrasjon og drift av klubbene betales av medlemmene selv i form av kontingent. Når du kjøper lodd, tulipaner, julenek eller deltar i Lions turmasjer eller rebusløp er du med på å hjelpe Lions til og hjelpe andre.

På vegne av Tysvær Lions

Hans Faye

Friluftlivets uke

2. - 9. SEPTEMBER 2001

I forbindelse med friluftslivets uke hadde speiderne i Bokn arrangert, i tradisjonens tro, "Leirbålskveld i Ognahabn".

Klokka seks tirsdag 4. sept., samlet det seg en god gjeng i badevika Ognahabn. Det var mange som så ut til å kose seg i den nydelige kveldssola. Her var det leker, konkurranser, bål og god varm suppe. Det var to varianter og velge mellom; tomat eller fruktsuppe. Suppene ble kokt i panne på en brennende trestubbe.

Men først var det flagghilsing til nasjonal sangen vår: "Ja, vi elsker" - Etter dette ble de forskjellige speidergruppene delt inn etter sin patrulje som f.eks varg, meis, hjort osv. Så fikk hver gruppe med seg noen av de voksne/foreldre. Videre så var det lagt ut poster på forskjellige plasser i Ognahabn. Her skulle oppgaver løses ved hver post. Noen av spørsmålene var: Hvor lang er denne pinnen? Hvor mye veier denne steinen? Hvor mange erter er det i glasset?

Gruppene gikk på kryss og tvers over lyngheiene. Ivrige etter å gjette på de forskjellige oppgavene. Etter dette ble det annonsert at nå var suppene ferdig. Folk hadde medbragt kopp så det var bare til å stille seg i kø!

Suppene falt tydelig i smak for tomt ble det i pannen etterhvert.


Speidersjef Leif tok videre til ordet og leste utifra Bibelen: 1. Johs brev 3 vers 1: Se, hvor kjærlighet Faderen har vist oss, at vi skal kalles Guds barn, og det er vi. Derfor kjenner verden ikke oss, fordi den ikke kjenner ham. Leif avsluttet med å si at Jesus er glad i oss og Han har en utrolig kjærlighet til oss. Det merkes at sommeren er på hell. Luften blir kaldere på kveldene. Men det så ikke ut til at noen av dem som var med på Leirbålskveld brydde seg om det. Flere var det som badet i sjøen. Disse speiderne er noen friskinger!

Kvelden ble avsluttet med leker flagginnrulling og speiderbønn. Det var en trivelig kveld og det så ut til at alle hadde kost seg.

Dikt av Elise Kro

Beklagelegvis blei Elise Kro si hyllest til Asketreet i Kro gjengitt i forrige bygdablad utan at det stod kven som hadde skrive diktet.

Sjølvs om mange lesarar visste kven som var forfattaren, blei dette så dumt at diktet også står i dette nr. - på dei neste sidene, og kor teksten over bildet har kome seg på plass att.



Min nye gamle ven

Han har venta lenge på meg. Stått tru-
fast innom gardsleet, høgrest,
stolt og mektig.

Ein sus i lufta frå han her ein kveld, lik-
som kviskra til meg:

"Gi deg litt tid jenta mi, sjå på meg, bli
glad i meg,

eg har så mykje eg ville ha sagt deg."

Nå har eg litt tid, ja rikeleg med tid, kan
bruka ho som eg vil.

Eg er blitt "gamale", kjenner livet frå dei
mange sider.

Det gjer du og, kjære "Asjen", Du heitte
det.

Kvar morgon når eg står opp, går eg til
nora lemgaset, ser ut,
der står du.

Lyfter dei sterke greinene dine oppover
mot himmelen og lyset,
utover mot det levande livet som lever på
bø og tun.

Greinene dine med dei mange sår etter sy-
dosten og nordvesten,
samt mannen med saga, på jakt etter kvei-
kjeved til varme
for seg og alle sine.

Dei fortel meg om sår, om motgang, men
ikkje motløyse.

Nye spirer frå såra fortel at du endå har
sevje i kroppen til nytt liv.
Heilt nederst, ved den mektige stamma di,
strever nokre tynne spirer.

Kva strever dei etter, dei ser så små og us-
sale ut, trur vel dei

skal føra livet og arta vidare.

Det er langt, langt fram å nå opp til det
mektige tuntreet "Asjen".

De må kanskje bukke under i kampen om
retten til å leva.

Nå kjære, kjære "Asjen". Du har eit
djupt, stort sår,

skal tru om det vert banen din.

Merkeleg, inne i det store, vonde såret, ligg
den finaste,

fløyelsmjuke molda. Livssyklusen:

Av jord er du komen, til jord skal du verta.

Eg har sete og lytta til deg kjære "Asjen".
Sete i godstolen innom nora glaset i skym-
ringa når det kveldar,
det mørknar.

Så vakker eit livsmønster du teiknar mot
himmelen.

Djup blå kveldshimmel, bakgrunn for grei-
ner og bladverk
teiknar det vakre mønster, det er levande
kunst.

Vakrast av alt er himmel ved solnedgang,
når den og du

"Asjen" spelar opp til den finaste farge-
symfoni, som gjer ein
gamal tilskodar så inderleg godt i sjel og
sinn.

Du er blitt "gamale" du og, eldgamale,
mange hundre år seiest det. Men grøn vert
du i år og.

*Snau og naken stod du lenge etter alle
andre trær stod i finaste
vårdrakt. Trudde mest at det feilte
deg noko.*

Men nei.

*Du livna til og vart så lauvrik og
vakker som aldri før.*

*Så stå du der bergfast innom
gardsleet, helsar ættene som går,
og ættene som kjem.*

*Lyft opp auga, sjå på meg,
bli glad i meg,*


eg er tuntreet,

*lar storm og stilla gi sitt svar, alt
etter som dei fyller dagen.*

*Nå er det seinhaust for meg og
deg. Vonar eg skal få gle meg saman
med deg endå ei stund,*

*i godstolen innom glaset når skym-
ringa og kveldsmørket kjem,
og kvelden går over til natt.*

*Skive til 75-års dagen min, 20. juni 1992
Elise Kro*




NYTT FRÅ SERVICETORGET

Me i servicetorget informerer om at me nå har fått ny medarbeidar som skal ha kontor på skulen. Norunn Jordbrekk har sagt ja til tilbod om stilling og begynner i denne stillinga 15. oktober. Me gler oss og ønsker Norunn hjerteleg velkomen.

Vidare prøver me i servicetorget å utvida servicetilbudet til innbyggerane i Bokn, så om nokre veker vil servicen hos oss også omfatte nokre av tjenestene som ein tidligare fekk frå teknisk seksjon, t.d. kart og generell informasjon om skjema og utdeling av skjema.

Dersom du har noko på hjarta som du meiner me i servicetorget burde ha i servicetilbudet vårt eller noko me kunne gjera betre, så gi oss eit lite tips om det. Kanskje me kan få opp forslagskasse ein plass der forslag kan leverast, og ros og ris til oss i servicetorget.

Gro og Liv (og snart Norunn).



Ny helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar

Reidar Alvestad

Første kullet på sjukepleiarhøgskulen i Haugesund

Rita B. Førland begynte i august i helsesøsterstillinga i Bokn etter at Marie Løvoll Faye slutta. Ho er opprinnelig frå Karmøy, men har nå i fleire år budd på Førland i Tysvær.

Rita Førland var student ved det første kullet som vart utdanna ved sjukepleiarhøgskulen i Haugesund, dvs at ho var ferdig utdanna sjukepleiar i 1983.

Rita B. Førland har tidlegare hatt arbeid som sju-



Rita B. Førland ved helsesøsterkontoret.

kepleiar i heimesjukepleien på Karmøy, i eit eldreprosjekt på Grinde i Tysvær, og så nokre år ved Tysværtunet fram til 1997. Ho var så heimeverande eit par år før det siste barnet begynte i skulen. Heime har ho familie med ektefelle og 3 barn, og dei har gart ved sida av at dei begge er i arbeid.

Til Bokn i 1999

I 1999 søkte ho vidareutdanning for helsesøstre. Ho hadde lyst å velja denne retninga, men kom den gongen ikkje inn på studiet. Resultatet vart då at ho ringde helsetenesta i Bokn sidan ho hadde sett avertert stilling. Ved at ho vart invitert hit på omvising, fekk ho lyst å begynna her, og har sidan hatt 50% stilling. Då helsesøsterstillinga nå vart ledig, og det ikkje var andre med helsesøsterutdanning som søkte, fekk ho stillinga for eitt år. Sjølv ser ho fram til å læra meir i denne stillinga, og er ikkje framand for å ta vidareutdanning seinare.

Pangstart med luseleiting

Den første tida i den nye jobben vart annleis enn det ho hadde tenkt seg, for det starta med at ho fekk heile skulen og barnehagen til undersøking for lus. Men det gjekk greit, og nå får ho betre tid til andre oppgåver. Nå blir det masse nytt å setja seg inn i framover, men ho håpar ho vil trivast. Ho seier at ho har likt seg godt dei to åra ho har arbeidd i Bokn, då arbeidsoppgåvene er varierte og interessante. Ho har nå 40% stilling som helsesøster og rundt 33% som avdelingssjukepleiar.

Vikariat i psykiatrien

Miriam Berland begynte i april i eit 1-års vikariat som psykiatrisk sjukepleiar for Laila Nemeth som har permisjon. Miriam Berland vart utdanna sjukepleiar i Hauge

sund i 1994, og begynte den første jobben sin i Bokn same året. Ho har dermed vore her i 7 år. Ho er tilsett som avdelingssjukepleiar, men har også hatt vikariat i 2 år som nestleiar. Miriam Berland har i desse åra også vore sjukepleiar ved legekantoret. Også ho nemner det varierte arbeidet som ein av grunnane til at ho har likt seg godt på Bokn. På den måten får ho erfaring frå fleire område, og det blir utfordrande og lærerikt. Ho legg også vekt på eit triveleg arbeidsmiljø.



Miriam Berland ved kontoret for psykiatrisk sju-

Annleis innafor psykiatrien

Miriam Berland seier det er ein heilt annan måte å jobba på i psykiatrien enn den andre delstillinga ho nå har i kommunen. I psykiatrien brukar ein seg sjølv på ein heilt annan måte enn i tradisjonell sjukepleie, og samtalen som behandling og omsorg vert meir brukt i staden for vanlege pleieoppgåver som i tradisjonell sjukepleie. Psykiatridelen er 40% stilling, og elles har ho vel 47% som avdelingssjukepleiar.

Vidareutdanning

Miriam Berland tar vidareutdanning innan administrasjon og leiging. Ho håpar det kan dukka opp nye utfordringar i Bokn, men har også den faste stillinga som avdelingssjukepleiar å gå tilbake på. I den jobben har ho også hatt arbeidet med kvalitetssikringssystem og helse, miljø og sikkerhet innan helseseksjonen.

Heime har ho sambuar og to barn.



Miriam Berland t.v. og Rita B. Førland t. h. tar begge utfordringa på strak arm.


Bedehuset sin dag

søndag, 26. august 2001

Kari N. Hetland

For tredje år på rad ble Bedehuset sin dag arrangert. Planen for denne dagen var å ha arrangementet ute. Det måtte bli forandring da regnet pøste ned i fra morgenen av. Grillene ble satt under et halvtak av plast på baksiden av bedehuset. "Grillteamet" bestod av Gerd Thuestad og Bjørn Eirik Gundersen, og sønnen til Gerd, Kent Viggo Thuestad.

De var tidlig i sving på søndagen for å tilberede mat til folket. Hanne Jorunn Rasmussen og Arne Aurdal hadde sagt seg villig til å avløse senere om nødvendig. Det var også flinke folk på kjøkkenet, Ingrid Håland, Ingunn Våge, Hanne Jorunn Rasmussen, Solveig Våga, Hannemor Alvestad, Sigvart Våga, Reidar Øvrebø og Leiv Våga ordnet til ute. Annette Lundervold, Åse Bratthammer, Kari Hetland og Solveig Våga stod for lekene. Samarbeidet gikk over all forventning. Det er litt som skal settes i stand når det skal være et arrangement. Men med en slik god gjeng så måtte det bare bli bra.



Leiv Våga ønska velkommen med disse ord fra Salme 118 vers 24: "Dette er dagen som Herren har gjort la oss fryde oss og glede oss på den". Gunvor Øvrebø ledet i sang.

Sekretær i søndagsskolekretsen vår, Magne Tangen, fortalte og viste på flanellograf. Han sa at der Jesus var skjedde det alltid noe. Derfor samlet det seg alltid mange mennesker der Han var. For å vise hvordan vi



Joffen og Kanille

kunne ta flere med på søndagsskolen sa han at trengte litt hjelp ifra de andre i salen.

Plutselig gikk døra opp og inn kom søndagsskolens Joffen og Kanille (tegneserierfigurer bak på søndagsskolebladet).

Joffen og Kanille er bestevenner. Joffen er en brun bjørn og Kanille er en kanin med store hvite fram tenner. Tangen spurte om disse to kunne gå ned i salen og ta en venn med seg opp på podiet igjen. Når disse kom tilbake så var det plutselig blitt fire som kunne gå ut å få en ny venn med seg.

Tilslutt var det ganske mange fremme. Dette viser hvor mange vi blir på søndagssko-

len viss hver tar en med seg, sa Tangen. Tilslutt fikk vi lære en ny sang. Eller nærmere sagt en "frisk rapp" - som det heter. Tangen startet sangen og resten gjentok etter han.

Etter dette var "grillteamet" klar med grillt laks, salat m.m. Hamburgere og pølse i brød for barna. Kaffe og kaker. Videre så var det leker av alle slag både ute og inne. Svampkasting, pilkast, bokstreff, bokstavlek,




Fv.: Oddgeir Hognaland, Karen Hetland, Frøya R. Våge, Sofie Rossebø, Annette Lundervold og Faltin Våge var noen av de som fikk ansiktet malt av Jorunn Schmeichler.

sanglek, hattelek -til stor munterhet for alle. I gangen satt Jorunn Schmeichler og tegnet på ansiktet til både små og store. Været klarnet opp etterhvert og etter middagen var det mulig å sitte ute i sola.

Etter sang av Bokn songlag m/gjester var det foredrag av Leiv Stangeland fra Korpervik. Han fortallte om søndagsskolens utvikling opp igjennom tidene. Selv hadde Stangeland drevet søndagsskole i over femti år. Han fikk nylig Kongens fortjenestemedalje for dette.

Samtidig med foredraget ble det vist film til barna. Tilslutt ble bedehusets dag avsluttet av Leiv Våga med takk for de som kom, både langveisfra og her på Bokn. Han forsikret også om at neste år blir det en ny "Bedehuset sin dag" i Bokn.



Populært med svampkasting.



Full konsentrasjon i innelek, fv. Jakob Are, Bernhard Våge, barnebarnet til Kjell og Margit Kro, Edvin Øvrebø og Ingrid Blikshavn.

COOP BOKN

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked




BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
- Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

"Å være pensjonist"

Informasjonsblad til alle alderspensjonistar

Reidar Alvestad

På seinsommaren vart bladet "Å være pensjonist" lagt i alle postkassane til dei over 67 år i Bogn.


Bladet er utgitt av Statens eldreråd, og inneheld

informasjon om pensjon og andre trygderettar, skatte-forhold, informasjon om bustadforhold, praktisk hjelp til eldre som bur heime,

tekniske hjelpemidlar, helsetiltak og rettår i helse-spørsmål, sjukeheim og bustad med heildøgns omsorg og pleie, aktivitets- og trivselstiltak, kurs og studier for pensjonistar, eldres medinnflytelse i samfunnet og kor det er hjelp å få.


I tillegg er det informasjon om generelle saksbehandlingsreglar.

Det er eldrerådet i Bogn som bestemte at heftet skulle bestillast i nødvendig antal og delast ut til alle alderspensjonistar i kommunen. Ta ein kikk i bladet. Dersom du ikkje finn det att, har me eit mindre restlager på sosialkontoret.



HÅRSMIA

Austre Bogn - mot Våga



Nye varer fra Hair Collection
Flass/tørr hodebunnssjampo m/garanti

Har noen lyst å sitte modell
i slutten av september?

- Klipp/farge
- Langhåroppsett

Kom innom eller ring
for timebestilling
52 74 86 47

Mona Våga



BOKN KOMMUNE

5561 BOKN

Små leiligheter til leige

Bogn kommune har fylgjande små leiligheter til leige:

- 1 ungdomsbustad med 2 soverom
- 2 mindre hybelleiligheter frå 1.oktober

Søknad sendast Bogn kommune snarast.

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag
og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33

Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik
fysioterapeut

FOTTERAPI

kvar onsdag på legekantoret
kl. 09.00 – 14.00

Første mandagen i kvar mnd.
kl. 15.30 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79
Rita Jensen - fotterapeut

SONETERAPI/NATURMEDISIN

ope etter avtale
på fysioterapirommet.

Timebestilling:
52 74 86 11

Jorid Vea
heilpraktikar

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bogn
tysdag og torsdag
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i Bogn

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50
Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde
trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i
Bognatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef

Rennebil i farta

Jardar Havikbotn

Å bygga rennebil har alltid vore aktuelt, særleg for gutar. Gamle barnevognar og andre køyreinnretningar blir plukka for hjul og andre brukbare deler som kan nyttast i byggverket, og blir samansett til dei mest fantasifulle køyredoningar.

For eit års tid sidan vart Tom Inge Aksdal og Erik Alvestad heilt betatt av denne sporten, og har brukt atskillige timar på å koma fram til sin eigen versjon av ein rennebil.

I radioen

I ei sommarsending i lokalradioen tidlegare i sommar var det innslag om renne bilen og eigarane.

Me håpar dei held seg på



Rennebilen er godt utstyrt. Fv. Tom Inge og Erik.

oversiktlege stader kor det ikkje er fare for kollisjonar med den bremselause bilen. For han er nok ikkje godkjent av biltilsynet, og førarkortet manglar.

TIL VÅRE NÅVÆRENDE OG POTENSIELLE KUNDER

Vi vil med dette gi dere en enkel og grei oversikt over hvilke tjenester vi kan være tilgjengelige med og hvilke produkter vi kan tilby deg som kunde i SR-Bank Bokn.

Blant våre hovedprodukter kan vi nevne:

- * Rådgivning
- * Lån og kreditter
- * Bruks-, pluss-, ekstra-, høyrente-, Lab & Line-, Elleve-Femtenkonto
- * Fastrente, plassering i fond og aksjer, BMB, Spar X
- * Person- og skadeforsikring
- * Utleie av bankbokser

Detaljinformasjon om våre produkter får du i SR-Bank Bokn. Vi har også mulighet for innkalling av spesialekspertise dersom ønskelig.

Du er hjertelig velkommen innom banken for en uforpliktende samtale om ditt nåværende eller ønskede engasjement. Vi kan kontaktes direkte på telefon 52 74 82 21.

Husk at vi er her for deg. Håper på tilbakemelding dersom det er noe du er misfornøyd med.

Vi ønsker jo at du som kunde i SR-Bank Bokn vil være med oss i fremtiden.

Med vennlig hilsen
SR-Bank Bokn

Ann Jeanette Sunde Olaussen May Jorunn Vatnaland

Kari Høyvik



Ann Jeanette




May Jorunn



Kari

SpareBank 1
SR-Bank




Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
98 22 15 01			
52 75 25 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
98 22 15 02			
52 75 25 03	Ordførar	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.kommune.no
91 35 40 82	Tysdag – ring på førehand		
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
98 22 15 04			
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
98 22 15 05			
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Svein Erik Larsen	sveinerikL@bokn.kommune.no
52 75 25 09	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
99 53 19 35			
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
98 22 15 08			
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 12	Barne- og ungdomsarbeidar	Ann Kristin Grønnestad	agroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktsentralen		
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
98 22 15 03			
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon <u>torsd.</u> 08.30 - 12.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Annette Bokneberg	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47	Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
93 41 54 40	Tysdag/ <u>torsdag</u> 08.30 – 15.30		
52 75 25 50	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
98 22 15 10			
52 75 25 51	Rektor	Ingjerd Thuestad	ithuestad@bokn.kommune.no
98 22 15 11			
52 75 25 13	Barnevernleiar	Eva Moi	emoi@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Tysdag, og etter avtale		
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth	jhaakonseth@bokn.kommune.no
98 22 15 12			
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	(På klubbkveldar)	
52 75 25 80	Tannlegekontor	Anita Knutsen	

KONTROLL AV BRANNSLUKNINGSAPPARAT

Private kan levera
brannslukningsapparata
sine tirsdag 25. september
kl. 9.00 – 11.00 på brann-
stasjonen. Alf Lea frå
Haugesund vil stå for
kontrollen.

Det kostar kr. 50,- for ein
sjekk av apparatet ditt.



SPAR STRØM

og få ett bedre innemiljø!

Varmepumpe om vinteren tilbakefører
tre ganger tilført effekt.
Aircondition om sommeren.

ENERGI & KOMFORT

Tlf 52 74 82 75 / 90 69 43 50
Pr. 52 74 86 48

HEST TIL SALGS!

Islandshoppe, 8 år gammel rødskimmel til salgs.

Særlig grei hest, god vilje, trafiksikker, snill å
håndtere og stelle. Passer for ungdom eller voksen
rytter med noe erfaring. Topp hest å ri i terrenget (f.
eks. distansritt).

Salgsavtale inkluderer veiledning og oppfølging av
rytteren.

Henvendelse Olav G. Larsen i Kro på Austre Bokn,
tlf. 52 74 84 07 e. kl. 20, eller 91 12 08 01.

HEST PÅ FØR?

På Hestegården i Kro, Austre Bokn kan vi nå tilby
leie av islandshester på "halvt før". Det betyr at hes-
ten står oppstallet hos oss, men du disponerer og
har ansvar for den 50 % av tiden. Hesteutstyr, stall
og ridebane disponeres etter avtale.

Tilbud om rideinstruksjon og følge på rideturer. Vi har
to hester som passer spesielt godt for nybegynnere
(barn, ungdom, voksne).

Henvendelse Kari Christensen i Kro på Austre Bokn,
tlf. 91 12 08 01.

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune
5561 BOKN
Tlf 52 75 25 00
Fax 52 75 25 15
E-post : jhavikbotn@bokn.kommune.no
Bankgirokonto 3373 07 00305
Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn
Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn
Reidar Alvestad
Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 30,-
Fastann. etter avtale	

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året

STORT FORSIDEBILDE

Haut på Gunnarstad.

Foto: Jardar Havikbotn

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 135,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 145,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Jakob Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 32 87 946 70 873

Skuleelevane dyrkar og sel tomater

Arne Hosaas, drivhussjef

For tredje år på rad dyrkar elevar ved Bokn Skule tomater i drivhuset på skulen. Dette året er det 9.klasse som har dette som elevbedrift.

I mars set elevane tomatfrø og driv plantane fram med passe lys, varme og næring. I mai vert plantane planta om og sett ut i drivhuset, og i juli, august og september er det stell, innhausting og



Therese veg opp tomater for sal.



Framme fv.: Guro, Sophie, Anita (i grønt) og Merethe (bak) likar seg i drivhuset.

sal. Elevane lagar vaktliste og steller tomatene i heile sommarferien.

Klok av skade frå i fjor var vi i år ekstra nøye med å reingjera og desinfisera alt utstyret, og det ser i år ut til at vi kan produsera over 50 kg for sal på dei 33 plantene vi har drive fram.

Gjennom denne elevbedriften lærer elevane mykje i natur og miljøfaget om stell og vekstvilkår for planter og vi dreg også dette inn i matematikkfaget gjennom praktiske oppgåver retta mot t.d. budsjett/rekneskap, kjøp og sal og statistikk.

Det vi tener på salet vert sett inn på klassekonto og er tenkt som eigenfinansiering av klassetur eller liknade. I.h.t. budsjettet skal klassekontoen veksa med kr. 1500 i år, og dette målet kan vi nå.

Tomatene er dyrka i veksttorv, vert solmodna på plantene, selt for 20 – 30 kr pr. kg., og vi får mykje skryt for kvalitet og smak.

Takk til alle som har kjøpt, og gjerne ei oppfordring til foreldre til 9. og 10 kl. om å nytta seg av muligheten til å kjøpa tomater av elevbedriften.

Drivhuet står ope og midt i skulegarden og elevar leikar rundt det både i skuletida og på fritida, men både plantar og tomater får stå i fred og det er ikkje svin – DET ER FLOTT!

Endeleg!



No kan du bestilla flotte kopiar av den berømte gullspenna, som du også ser avbilda på forsida av bladet kvar gong.

Det er finsmed Jon Rysstad ved "Smykebommå" på Bryne som lagar desse brosjene/smykka. Som kjent er det også han som står bak ordførarkjedet.

Spennene blir laga i fire utgåver og er i originalstorleik, diameter på 7,6 cm. Ved bestilling må ein oppgi om spenna skal vera med nål eller feste for kjede, og bestillinga gjer du i Servicetorget på Boknatun, 52 75 25 10 eller 52 75 25 11.

Spennene, som ved sida av Bygdeboka bind 2 blir årets julegåver, blir leverte i flott eske frå "Smykebommå" og kostar:



Prøvemodellar for oksydert- og forgylt sølvutgåvene med nål: fv. Gro Sørensen, Linda Ognøy og Lindy Haram med kvar si spenne. Du kan sjå spennene i Servicetorget.

925 forgylt sølv kr. 1.100,-
925 oksydert sølv kr. 1.100,-

925 kvitt sølv kr. 1.100,-
Rødbronse kr. 900,-